

KLART VI LES!

VEGAR INN TIL DEN NYNORSKE BARNE- OG UNGDOMSLITTERATUREN





NYNORSKBOK.NO

Kvart år kjem det mange nye, gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert. På Nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland

SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDEILLUSTRASJON: Jens Ivar Kristensen

BAKSIDEFOTO: Kib & Morits

Heftet er eit samarbeid mellom

Nynorsksenteret og Ivar Aasen-tunet

NYNORSKSENTERET: www.nynorsksenteret.no

IVAR AASEN-TUNET: www.aasentunet.no

Klart > vi les!

Det er ei fantastisk tid når barn lærer seg bokstavane ein etter ein og set dei saman til ord. Det er ei ny verd som opnar seg når dei knekker lesekoden.

Klart vi les!

TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng**

LESE- OG SKRIVEKOMPETANSE veks fram langsamt, og grunnlaget for utviklinga vert lagt tidleg i barnehagealder. Barn som har blitt lesne høgt for frå dei var små, har eit godt grunnlag for å utvikle gode lese- og skriveferdigheiter. Det er viktig at vaksne i både barnehage, skule og i heimen les høgt frå god litteratur for borna. Lesing utviklar ordforrådet og språkkjensla til barnet. Vi les, ser på bilete, den vaksne forklarar, og gradvis utvidar barnet forståinga si. Gjennom høgtlesing og samtalar lærer barna ord og omgrep som ikkje er så vanlege i daglegtalen. Dei blir vande med å snakke om innhaldet i skrivne tekstar, og dei får kunnskap om korleis tekstar kan byggjast opp.

Å KUNNE LESE som grunnleggjande ferdigheit er både ein føresetnad og ein viktig reiskap i læringsarbeidet i skulen. Ei god leseopplæring må leggje vekt på å utvikle dei språklege ferdigheitene til barna.

Det er ein tydeleg samanheng mellom ordforrådet og leseforståinga til elevane, og at god leseundervisning må inkludere arbeid med å skjønne nye ord og omgrep. For den som lærer nynorsk, er dette særleg viktig. God leseopplæring på nynorsk (både som hovudmål og sidemål) inneber at elevane lærer og tek i bruk omgrep på

nynorsk og byggjer seg opp eit større ordforråd på nynorsk.

For å verte ein god nynorsklesar må ein lese mykje på nynorsk, lese variert: både fagtekstar, skjønnlitteratur og ymse tekstar frå mediekvardagen, og lære å ta i bruk høvelege lesestrategiar i møte med ulike tekstar. Fagtekstar krev andre tilnærmingar både før, under og etter lesing enn spenningsforteljingar. Når ein les fagtekstar, er det viktig å identifisere føremålet med teksten (t.d. å forklare, beskrive, rapportere), forstå kva han handlar om, finne ut kva viktige ord og omgrep i teksten tyder og liknande, medan

det med spenningsforteljingar ofte kan vere fint å la seg rive med.

Nynorske fagomgrep er mindre brukte enn dei tilsvarande fagomgrepa på bokmål. Difor er det viktig å arbeide grundig med både uttrykk og innhald i klasserommet. Klasseromssamtalar der både faglege uttrykk og nynorske uttrykk er tema, er med og skaper ein kultur for språksamtalar. Å løfte fram spørsmål som «Korleis skriv vi dette på nynorsk?» og gjere det til emne for faglege og språkfaglege klasseromssamtalar aukar den språklege merksemda til elevane, og kan bidra til å utvikle eit felles blikk for tekst og språk.



Eg sender ei tekstmelding til Atle Hansen og seier eg vil at han skal fortelje meg om litteraturen si oppgåve i verda. – Greitt, svarar han. – Kan vi ta det kl. 16? Eg må berre komme meg tilbake til hotellrommet og lade mobiltelefonen.

Rundt bålet i klasserommet

TEKST: **Janne Karin Støylen** FOTO: **Marte Belsvik Hansen**



ATLE HANSEN er på turné med Den kulturelle skulesekken til sjetteklassingar i Buskerud. Mange av bøkene hans har born i denne alderen som målgruppe. Tynne spenningsbøker. – Ja, men dei er frykteleg gamaldagse, ler Atle i hin enden av den fullada telefonen.

– Det er ingen som bannar i bøkene mine. Foreldra skil seg ikkje, heller. Dessutan er det forteljingar utan blod og drap.

Men bøkene hans er populære og får gode attestar frå lesarane. I ei melding på nettstaden til Foreningen lles skriv Martine frå Raufoss ungdomsskole slik om Hansen si siste spenningsforteljing *Flukt*:

«Da jeg begynte å lese boka, trodde jeg først det var en diktsamling. Teksten består av setninger som står hver for seg på linjer, samlet i korte avsnitt, så det lignet på linjer og vers i dikt. Men det er en roman, som utvikler seg til å bli gradvis mer og mer spennende når du leser. Etter noen sider var jeg heftet, og leste ferdig hele boka på en kveld. Det var ikke vanskelig og tok bare en time eller to.»

– Eg har ikkje det litterære kunstverket som siktemål, understrekar Atle Hansen. – Eg vender meg til ein lesar, men eg skriv så godt eg kan. Eg har lyst å skrive fine setningar, eg prøver å finne ein god rytme. Bøkene skal vere lette å lese høgt.

– I dei siste spenningsromanane mine har eg skore språket heilt til beinet: Eg utfordrar meg sjølv i å skrive så enkelt som mogleg, men likevel etablere ei spenning og halde på lesaren, forklarar forfattaren.

Kvifor trur du dette fungerer så godt for lesarane dine? Du vel ein «smal sti», samanlikna med det som elles ser ut til å vere tendensen i litteratur for barn og unge?

– Eg brukar mine egne erfaringar, svarar Atle Hansen. – Min eigen redsel frå barndommen. Og eg brukar kunnskapen min. Eg har studert, både teater- og litteraturvitskap. Narrative verkemiddel, komposisjon og dramaturgi. Eg tenkjer på dette når eg skriv, meir enn på kva som skal skje. Det veit eg ikkje så mykje om når forteljinga startar. Difor er det skikkeleg spennande å skrive, eg er jo den første som får vite korleis det går, seier Atle lurt.

– Det handlar vel djupast sett om å kunne fortelje, utdjupar han vidare. – Ei god forteljing. Denne narrative grunnstrukturen trur eg stettar djupt fellesmenneskelege behov. Forteljinga kan vi bruke til å forstå kven vi er, og kva vi gjer her i verda. Vi har fortalt så lenge vi har vore her, rundt bålet, under månen. Forteljingane knyter oss saman, gjev fellesskap, glede og ei kjensle av å høyre til.

Likevel er vi uroa over at unge menneske les mindre enn vi skulle ynskje. Kva skal vi gjere med det?

– Det må bli slutt på all denne tvangslesinga! svarar Atle Hansen engasjert.

– Eg har heilt slutta å sette krav om at elevane skal ha lese bøkene mine før eg kjem på skulebesøk. Dei veit ikkje kven eg er. Ikkje lærarane heller. Ofte har dei gløymt at eg skal kome.

– Vi har fortalt så lenge vi har vore her, rundt bålet, under månen. Forteljingane knyter oss saman.

– Men eg trur dei les bøkene mine når eg dreg heim, seier Atle lunt. – Fordi dei har lyst til det. Ofte likar dei det dei les. Og så vil dei lese meir.

Korleis formidlar du bøkene dine slik at elevane får lyst til å lese dei?


– Formidlinga mi er vel ein miks av forskjellige kunstformer, om eg kan gå så langt som å kalle det det? Det kan eg kanskje ikkje, ler Atle. – Eg fortel, les og syng. Eg tøysar og tullar. Gjer meg til for ungane! Humor er viktig, seier han med stort alvor. – Og om eg kan få komme med ei oppmoding til lærarane og foreldra til slutt?

Ver så god!

– Å kunne lese. Å vilje lese. Det eine føreset det andre, men det er ikkje gitt. Les høgt til ungane. Les tjukke bøker! Les noko du likar sjølv. Lær dei å fortelje. Fortel! Svaret på spørsmålet ditt om litteraturen si oppgåve i verda viser seg berre for den som les, avsluttar Atle Hansen på telefon frå Oslo.

Nokre gode bøker av Atle Hansen

- *Flukt* (2013)
 - *Den svarte oxen* (2009)
 - *Heksa* (2001)
 - *Amanda sin medisin* (2012)
-



Teikneseriar kan by på både humor og alvor.

Boblande litteratur

TEKST: **Arild Torvund Olsen**

DET FINST TEIKNESERiar av mange slag, men jamvel om mangfaldet er stort, kan det vera vanskeleg å oppdaga det. Av nynorske teikneseriar kjenner mange berre til gamle travarar som Hårek og Vangsgutane. Men dei gode og moderne nynorske teikneseriane finst, dersom du veit kva du skal leita etter. Her presenterer me nokre av godbitane.

TEIKNESERIEBØKER

Dei siste åra har det kome ein del nynorske teikneseriar i bokform, ofte sokalla grafiske romanar. Distribusjonen i bokhandlar gjer at desse titlane gjerne er lettare å få tak i enn teikneseriane som kjem ut som hefte. Til dømes har Samlaget gjeve ut *Rekrutten*, som er ei teikneserieutgåve av den fyrste boka i den populære spionserien Cherub, og *Soga om Olav Slegggja*, ein teikneserieroman frå vikingtida av Øystein Runde. Ein annan Runde-teikneserie som finst i bokform, er *Bjartmann*, ei samling med teikneseriar om ein superhelt med meir krefter enn vit.

Teikneserien *Goliat* av Tom Gauld fortel saga om David og Goliat. Forteljinga vert sett frå synsvinkelen til Goliat, som syner seg å vera ei fredsæl kjempe som helst vil driva med administrativt arbeid. Ein annan god omsett teikneserie er den Pulitzer-vinnande klassikaren *Maus*. Der fortel


Art Spiegelman to parallelle historier. Den eine er forteljinga om korleis Vladek Spiegelman, far til Art, vert råka av jødeforfølgjingane i Polen og nær drepem i Auschwitz. Den andre forteljinga er om Art Spiegelman sjølv og arbeidet hans med å skriva ned og laga teikneserie av augevitneskildringane til faren.

NORSK BARNEBLAD

Ein kjem ikkje utanom Norsk Barneblad når det er snakk om nynorske teikneseriar. Mange veit at dei gjev ut julehefte med Smørbrakk og Tuss og troll, men ikkje like mange veit at bladet er ein av dei viktigaste formidlarane av norskproduserte teikneseriar for born. I kvart nummer av Norsk Barneblad kan tingarane lesa sju sider med nye, nynorske teikneseriar – både humor- og drama-seriar – for born og ungdomar.

TEIKNESERIER PÅ NETT

For å letta tilgangen til nynorske teikneseriar har Nynorsksenteret utvikla eigne ressursider om teikneseriar: nynorsksenteret.no/teikneseriar/. På sida ligg det ute 33 titlar som høver for ulike aldersgrupper. Kvar serie kan lesast på skjerm, men finst òg som PDF til utskrift. Her kan du dessutan læra korleis du kan laga teikneseriar sjølv.



Nokre gode teikneseriar på nynorsk

- Muchamore o.fl.: *Rekrutten* (2012)
- Art Spiegelmann: *Maus* (2009)
- Øystein Runde: *Soga om Olav Slegggja* (2009)
- Tom Gauld: *Goliat* (2013)
- Øystein Runde: *Bjartmann* (2012)

Lettlesne om fotball

TEKST: **Anna Sunniva Sørhø**

ETTER EIN SOMMAR fylt av VM-sendingar frå Brasil er det liten tvil om at fotball er noko som engasjerer, både store og små. Då er det kanskje ikkje så overraskande at temaet også er sentralt i barnebøker. På nynorsk finn vi to seriar som handlar om fotball, Lars Mæhle sin **Knotrud FK**-serie og Atle Berge sine bøker om Barcelona-gjengen. Begge er lettles-seriar og kretsar rundt fotball-lag.

LARS MÆHLE sine bøker om **Knotrud FK** er ein del av Cappelen Damm sin Leseløve-serie. Ti bøker skal følgje eit fotballag gjennom ein heil sesong, og så langt har ni kome ut. Knotrud FK spelar i serien for gutar 9 år, og er Østfolds dårlegaste fotballag. Utgangspunktet er at dei aldri har vunne ein kamp, aldri har skåra, men derimot har sett ny rekord i baklengsmål. Med stor iver møter laget nye motstandarar, og du skal ikkje sjå vekk ifrå at dei kanskje blir betre i løpet av sesongen.

KNOTRUD FK er ei samling sjarmerande karakterar som det er lett å bli glad i. Forteljingane er lette og fulle av humor, og alltid med eit element av spenning som driv historia framover. Fotballen er sjølvstekt i sentrum, men i fleire av bøkene får ein også historier om hendingar utan-

«Fotball er ikkje eit spel på liv og død. Det er mykje viktigare enn som så.»

for bana, og bøkene byr på fine observasjonar om mellom anna venskap, forelsking, sjølvtilitt og meistring.

ATLE BERGE har skrive tre bøker om eit gutelag der alle er hardbarka Barcelona-fans. Her er det tett mellom referansane til både lag og spelarar, og spelinga er skildra med fotballterminologi. Dette er bøker som alle fotballinteresserte vil kjenne seg igjen i ganske raskt. Samtidig tek serien for seg allmenne problemstillingar, som det å vere ny i byen, å måtte gjere ting ein ikkje er god til, eller å velje mellom å vere feig eller ta sjansar. Bøkene er kortare enn Knotrud-serien, men siktar seg inn på same målgruppe. Med enkelt språk, stor skrift og ikkje for mykje tekst per side høver begge desse seriane godt for unge lesarar, 8–12 år.

Og om du ikkje har skjont dette med fotball enno, så kan Knotrud FK sin største (og einaste) supporter forklare det: «Fotball er ikkje eit spel på liv og død. Det er mykje viktigare enn som så.»



Lettlesne fotballseriar på nynorsk

- Atle Berge: *Barcelona-gjengen*
- Lars Mæhle: *Knotrud FK*

Å skapa ei ny verd

TEKST: **Arild Torvund Olsen** ILLUSTRASJON: **Even Mehl Amundsen** (frå boka *Kampen om Kervad*)










DET KREV MYKJE å laga god fantastisk litteratur. Ikkje berre må forfattaren skapa personar me kan tru på, til tider må han eller ho òg byggja opp heilt nye samfunn og univers for lesaren. For at verda me les om, skal opplevast som noko meir enn berre kulissar, må forfattaren vita mykje meir om henne enn det me lesarar får ta del i. Geografi, historie, språk og kultur – alt må på plass. Dei fleste kjenner til det imponerande arbeidet til Tolkien, men me har i høgste grad folk som kan kunsten her til lands òg. Forfattarar som Asbjørn Rydland skildrar store mytologiar og små detaljar på eit poetisk vis som til saman skaper levande og truverdige fantasiunivers.

Nokre gode fabelprosabøker på nynorsk

- **Asbjørn Rydland: *Drakeguten***
 - *Drakeguten* (2010)
 - *Med eld i hjartet* (2011)
 - *Mørkemanaren* (2012)
 - *Kampen om Kervad* (2014)
- **J.R.R. Tolkien: *Hobbiten*** (2008)
- **J.R.R. Tolkien: *Ringdrotten*** (2006)
- **Lene Kaaberbøl: *Villheks***
 - *Eldprøva* (2012)
 - *Viridians blod* (2012)
 - *Kimæras hemn* (2013)
 - *Blodsungen* (2013)
 - *Fiendeblod* (2014)
- **Lars Mæhle: *Landet under isen***
 - *Landet under isen* (2009)
 - *Dødeboka* (2014)
- **Lene Kaaberbøl: *Skammarserien***
 - *Skammarens dotter* (2002)
 - *Skammarteiknet* (2003)
 - *Slangens gåve* (2004)
 - *Skammarkrigen* (2004)
- **L. Kaaberbøl: *Skuggeporten*** (2007)
- **Kristine Tofte: *Song for Eirabu***
 - *Bok 1 · Slaget på Vigrid* (2009)
 - *Bok 2 · Vargtid* (2012)

Dei fleste kjenner til det imponerende arbeidet til Tolkien, men me har i høgste grad folk som kan kunsten her til lands òg.



Anne Viken har skrive tre bøker så langt om Elise, 13 år, som hamnar oppi ulike hestemysterium saman med veterinærnorkelen sin, Kalle. Bøkene er fulle av hest, skildringar av symptom på ulike dyresjukdomar, krimspenning og spøkelsesspenning.

Hestar og mysterium

TEKST: **Gudrun Kløve Juuhl** FOTO: **Tove K. Breistein**

VIKEN SKRIV PÅ BLOGGEN SIN at bøkene passsar for alle frå cirka ti år og oppover som er interesserte i hest, men hovudgruppa av lesarar er nok jenter frå tolv år og oppover.

Anne Viken fekk ideen til bøkene då ho studerte til veterinær:

– Eg gjekk på veterinærhøgskulen og hadde hest som spesialfag. Då var eg ganske mykje på klinikken på veterinærskulen, og der såg eg mange ulike hestar med mange ulike historier og diagnosar, og møtte også mange hesteeigarar med ulike historier. Og så tenkte eg rett og slett at dette skulle det gå an å gjera bok av. Det er det enkle svaret.

Så du har teke utgangspunkt i di eiga hesteinteresse og veterinærerfaringar og så bygt på det, det var ikkje slik at du starta med hestebøkene og tenkte at det var noko som mangla i sjangeren?

Nei, eg las eigentleg ikkje hestebøker då eg var liten. Eg las ein hestebokserie, Sølvhingsten, av Elyne Mitchell. Det er ein klassikar. Men det er dei einaste hestebøkene eg las. I oppveksten las eg alt mogleg, indianarbøker, Jens Bjørneboe og så vidare.

– Eg gjekk på veterinærhøgskulen og hadde hest som spesialfag.

Korleis vil du skildra hovudpersonen Elise? Har ho noko til felles med deg, eller er det ingen samanheng mellom forfattar og hovudperson?

Ho er ein person som ... Dei som kjenner meg godt og har lese bøkene, seier at ho minner mykje om meg. Det er ikkje med vilje eller noko eg har tenkt på, men det er kanskje slik det blir. Ho tenkjer ikkje alltid på konsekvensar. Når ein skal skriva ei bok med mykje spenning, så treng ein ein hovudperson som kan driva den spenninga. Elise er dumdristig og samstundes eit kjenslemenneske, ho let seg riva med ... Ho trassar si eiga frykt, og det er vel det som vert kalla mot.

Kven ser ho så føre seg som lesar når ho skriv? Svaret på det er ganske konkret, for Viken har fått tilbakemeldingar frå mange lesarar:

– No veit eg ein del om kven som les bøkene, så det er vanskeleg å svara utan å tenkja på dei. Dei som eg har møtt som er lesarar, er jenter som er rundt tolv og oppover i tenåra, men så er det også ein del vaksne som har lese bøkene.

Viken fortel at ho får kontakt med ein del av lesarane på Instagram.

– Dei er jo ofte for unge til å vera på Facebook, og dei er utruleg dedikerte fans. Nokre har laga fanvideo og lagt ut. Det har hendt at folk på gata har hoppa fram og sagt «Hei Anne Viken! Eg har lese boka di seks gonger». Eg fekk ein gong e-post frå ei mor som spurde når neste bok om Elise kom ut, for jenta hennar las berre dei bøkene om att og om att. Så det er ei utruleg entusiastisk lesargruppe og eit takksam publikum, avsluttar Viken.

Bøker av Anne Viken

- *Elise og mysteriet med dei døde hestane* (2012)
 - *Elise og mysteriet på hesteklinikken* (2013)
 - *Elise og mysteriet på Hesteøya* (2014)
-



Bøker som handlar om noko som verkeleg finst, eller som ein gong har vore.

Faktabøker for born

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**



DET SOM ER SANT, engasjerer lesarane. Livet til mauren, dinosaurar som ein gong vandra på jorda, oppfinningar, mat, klede, jorda vår og kjende personar er berre nokre av temaa i faktablitteraturen for born. Illustrasjonane spelar ei viktig rolle i å inspirere til lesing, og mange av faktabøkene har eit rikt biletuttrykk som støttar opp under teksten. Dei nynorske faktabøkene vi har under lupa her, er visuelt sett milevis frå det gammaldagse leksikonet. Innhaldet skal likevel vere fagleg korrekt, så ein skuleelev kan stole på at det stemmer. Faktabøkene er glimrande ut-

gangspunkt for skuleoppgåver så vel som fritidslesing. Teksten, språket og det visuelle spelar på lag, og gjev gode utgangspunkt for samtale om innhaldet i boka.

Det er ikkje så altfor mange nynorske faktabøker på marknaden, men dei som er der, er til gjengjeld gjennomarbeidde og gode. Nokre få forfattarar står for ein stor del av produksjonen.

ERNA OSLAND står fram som den mestproduserande forfattaren av nynorske faktabøker. Ho har jamt over skrive ei faktabok i året dei siste åra.

Nasevis – Ei bok om små og store nasar og *Under ein stein – Ei bok om små dyr* er dei siste faktabøkene Osland har skrive. Ho samarbeider med ulike illustratørar, og bøkene hennar er innbydande og lærerike. Sjølv om ho har skrive mange naturfaglege faktabøker, er kvar bok ulik den førre. Dei ulike illustratørane ho vel, set sitt tydelege preg på bøkene. Ein miks av korte faktapunkt og lengre forteljartekstar gjer at det er lett for elevlar å finne fram i bøkene, samstundes som dei også kan lesast på sengekanten. Vi kan absolutt tole fleire faktabøker av Osland også i åra som kjem.



TERESA GRØTAN er forfatternen bak *Klara kan mykje rart om mat* er ei kunnskapsrik bok som tek historia bak maten på alvor, og som viser at ein kan få til noko viss ein vil det nok. I tre sommarferieveker skal Klara vere hos bestemor og hjelpe til i den vesle gardsbutikken hennar. Mykje rart kan skje på tre heile veker! Den andre boka i serien, *Klara kan mykje rart om klede*, handlar om kva kleda våre er laga av. Og det kan vere litt av kvart, oppdagar Klara, til dømes planter, ormespytt og tomme plastflasker.

Med serien om Klara rettar Grøtan seg inn mot barn i småskulealder. Faktakunnskapen er ramma inn av ei skjønnlitterær forteljing. For ungdommar kan vi anbefale *Globaliseringsboka*, også den av Teresa Grøtan. Boka tek føre seg utfordringar knytte til klimaendringane. Det er ei debattbok for ungdom om konsekvensar av globalisering. Grøtan koplar personlege erfaringar og fakta på ein treffsikker måte.

SIGRI SANDBERG MELØY kjem med mange klåre meldingar i *Klimaboka* – den andre boka i Samlaget



sin serie med debattbøker for ungdom. Ho kjem med følgjande oppmoding: «Ver skeptisk! Ver skeptisk til meg, til det eg skriv, til det andre skriv, forskarar, forfattarar, politikarar, bloggarar. Ikkje ver redd for å stille desse spørsmåla, dumme enkle, frekke – berre køyr på!»

Klimasaka er skulepensum for alle norske ungdommar, og eit tema som ofte er framme i media. Likevel er det viktig med ei bok som gjer dette stoffet levande og nært, og som oppmodar til å tenkje sjølv.

JØRN HURUM OG TORSTEIN HELLEVE har saman laga dei to faktabøkene *Ida* og *Monsterøglene på Svalbard*. Begge bøkene er rikt illustrerte av Esther van Hulsen. Apedyret Ida levde i Tyskland for 47 millionar år sidan. I fagbiletboka *Ida* får vi kjennskap til korleis ho levde, og korleis forskarar jobbar for å hente fram slik kunnskap. *Monsterøglene på Svalbard* skildrar korleis ein kan lære om livet i havet og på land i forhistorisk tid, takka vere fossil og arkeologiske utgravingar. To praktbøker!

Nokre gode fagbøker på nynorsk

- Erna Osland: *Nasevis* (2013)
- Erna Osland: *Under ein stein* (2014)
- Teresa Grøtan: *Klara kan mykje rart om klede* (2011)
- Teresa Grøtan: *Klara kan mykje rart om mat* (2012)
- Teresa Grøtan: *Globaliseringsboka* (2009)
- Sigri Sandberg Meløy: *Klimaboka* (2011)
- Jørn Hurum, Torstein Helleve og Esther van Hulsen: *Ida* (2011)
- Jørn Hurum, Torstein Helleve og Esther van Hulsen: *Monsterøglene på Svalbard* (2012)
- *Oppfinningar og oppdagingar* (2008)
- *Barnas eiga aktivitetsbok* (2012)
- Fabrizio Silei og Maurizio A. C. Quarello: *Rosas buss* (2012)
- *Mine små leksikon*
- Ole Røsholdt og Trond Bredesen: *Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar* (2009)
- *Verdt å vite om dyras liv* (2011)



Ungdomslesaren veit noko om den gode ungdomsboka som du ikkje veit.

Frå ungdommen

TEKST: **Janne Karin Støylen**

VI ER UROA for dei unge lesarane våre, og skulle ynskje dei las meir, og betre. Vi som på ulikt vis har funne arbeidsfeltet vårt mellom boka og barnet, set store ressursar inn i arbeidet for å betre stoda. Men veit vi kva ei god ungdomsbok er?

Men da den egentlige bruker av barnebogen ikke kommer til orde, veit vi i grunnen ikke hva som er en god barnebok. Vi vet hva mange voksne mener er en god barnebok, men det er ofte noe annet.

(Else Breen, s. 24–25.)

Sitatet er henta frå innleiingskapittelet «Vurdering av barnelitteratur» i essaysamlinga *Mellom boka og barnet* frå 1989. Nesten tjue år seinare etablerte Foreningen Iles Uprisen, ungdommens eigen kritikarpris. I masteroppgåva *Kulturar for kvalitet kring nyare norsk ungdomslitteratur* har eg mellom anna undersøkt kva kriterium for kvalitet som er aktive i ungdomsjuryane sine talar om bøkene som har vunne Uprisen i åra 2007–2011.

Det er ein føresetnad for kvalitet i ungdomslitteraturen at teksten fungerer for ein lesar i målgruppa. Ungdomslesarane sine responsar gjev presise innsikter i kva lesarroller som er

moglege i slike tekstar. Undersøkinga mi viser at vi vaksne somme tider bommar når vi freistar vurdere korleis teksten kommuniserer med ungdomslesarane. Men undersøkinga viser også at ungdomsbøkene ikkje treng vere litterært svakare enn annan litteratur for å treffe dei lesarrollene som er moglege i målgruppa for tekstane. Kunsten kan kommunisere, også med ungdomslesaren.

UNG EKSPERTISE I Å VERE UNG

Ungdommane i dei ulike juryane ytrar seg autoritativt og viser til si symbolske makt ved å vere den definerte målgruppa som tekstane er skrivne for. I grunngjevinga for å gje prisen til romanen *Handgranateple* i 2007 heiter det til dømes:

Årets vinner tar opp tema som ungdom er opp-tatt av. Hovedpersonen står overfor flere valg. Mange ungdom kjenner seg igjen i dette. Og det er ingen tvil om at årets vinner er en skikkelig bra UNGDOMSbok. (Handgranateple, 2007)

Juryane argumenterer som om dei representerer ungdommar flest som lesarar. Implisitt i jurytekstane forstår eg at lesarane meiner dei er dei beste til å vurdere om ein tekst skriven

Det er ein føresetnad for kvalitet i ungdomslitteraturen at teksten fungerer for ein lesar i målgruppa.



for ungdom fungerer for ungdom, fordi dei er ungdommar sjølve. Dei er difor i posisjon til å slå fast at denne boka er bra.

Ungdomslesarane syner også eit ansvar internt i målgruppa, ved å kåre ei vinnarbok som mange kan like. Alle skal med:

Vinnerboka slo an blant gutter og jenter, hos lesersterke og lesesvake. Boka er ikke så lang, men har masse innhold (Marki Marco, 2009.)

Juryane har også meldingar til oss vaksne som syner at dei ynskjer å bli tekne seriøst som lesarar:

Ungdomsbokforfattere har en tendens til å bruke banneord i annenhver setning for å få ungdoms oppmerksomhet (Pitbull-Terje blir ond, 2008)



Lesarane ber forfattarane om ikkje å «ta for mykje Møllers tran» i jakta på dei, slik eg forstår det dei skriv. Dette er verdt å merke seg med tanke på tendensen i tekstar for denne målgruppa for tida.

Ungdomslesarane identifiserer ei rekkje kvalitetar ved dei tekstane dei premierer, både funksjonelle og estetiske:

DEN OPPSLUKTE LESEMÅTEN

Ungdomslesarane er opptekne av at teksten skal kunne lesast som det ein i litteraturteorien kallar «umediert røyndom». Eg kallar det «den oppslukte lese måten». Lesarane skildrar det som «å sjå ein film» eller som «å stå ved sida av det som skjer». Denne lese måten tek likevel høgde for det uføreseielege og ukjende, slik juryane formulerer seg. Tekstar som ikkje utfordrar persepsjonen, kan heller ikkje få varig estetisk verdi for lesaren. Tekstar som er for vanskelege, vil heller ikkje ha nokon verdi, fordi den oppslukte lese måten ikkje er mogleg. Dermed blir lese måten eit produktivt kriterium for kvalitet, både for lesaren og for teksten: Han viser til eit kvalitetskrav om originalitet og nyskaping, men ei god vurdering av ei ungdomsbok må også ta omsyn til implisitte lesarroller.

MOT EI BETRE LESING

For ungdomslesarane er det eit viktig kriterium at dei kan identifisere seg med deltakarane i forteljinga på ein slik måte at dei kan utforske sine egne tankar og moglegheiter. Juryane skildrar dette som eit kognitivt potensial for den som les, men også slik at det seier noko om teksten sin kompleksitet. Dei viser til indre og ytre handlingsnivå, og syner korleis tekstane dei premierer, har ein polyfon karakter som dermed opnar for mange moglege lesarroller. Føreset at ho kommuniserer med lesaren, innbyr den komplekse ungdomsboka til ein sofistikert lese måte der lesaren får moglegheit til å utvikle sine litterære ferdigheiter og dømmekraft, men også sin eigen mentale fleksibilitet i møtet med stadig meir avansert litteratur.

MANGE SMÅ KRITE RIUM, EITT STORT KRAV

Fleire kriterium er aktive i juryane sine talar: Behovet for meining og realisme, glede over humoren i forteljingane, sjølv om han ofte er der for at det alvorlege skal vere til å leve med. Vidare understrekar dei verdien av integritet i teksten, forstått som godt språk og tydeleg struktur.

Endeleg premierer lesarane det dei opplever som originalt i vinnarbøkene.

Men det dei identifiserer som det originale i tekstane, er nok ikkje særleg originalt, lese med dine auge. Difor treng ungdomslesaren og ungdomslitteraturen også din vaksne ekspertise. Og vi som har funne arbeidsfeltet vårt mellom boka og barnet, treng kvarandre. Eg ynskjer meg ei meir overskridande tilnærming, dei ulike fagfeltene imellom, slik at vi kan hjelpast åt. Vi deler ei edel von. Om lese glede. Til ungdommen.

Frå ungdommen kjem kravet om at ei god ungdomsbok må fungere for ungdom. Kva det betyr, er det dei som veit.

Nynorsk bøker som har vunne Uprisen

- 2012: *Dystopia III* av Terje Torkildsen
- 2010: *Landet under isen* av Lars Mæhle
- 2009: *Marki Marco* av Terje Torkildsen
- 2007: *Handgranateple* av Ingelin Røssland

